

# Ustillinga: Perler på jorda og skattar i himmelen

## Nina Aarbø Olsen (1985)

Nina Aarbø er oppvaksen på Fitjar og har alltid vore glad i å teikna. Gjennom heile skulegangen har ho vore veldig glad i å illustrert arbeidsbøkene sine med teikningar når ho har hatt sjansen til det. Men det var først då ho vart ferdig med vidaregåande og bibelskule, og skulle velja utdanning, at ho kjende at tida var inne for å prioritera dei kunstnariske sidene sine. Ho valte difor å gå tre år i Notodden (2006-2009), på Høgskulen i Telemark. Der gjekk ho på lærarutdanninga for estetiske fag. Dette vart nokre fantastiske studieår med fag og studiemiljø som ho treivst svært godt med. Ho var endeleg i gong med fagområdet som i mange år hadde lagt på is. Men så flytta Nina heim til Fitjar, og tre søte ungar kom som perler på ei snor. I mellom permisjonane tok ho grunnskulelærarutdanninga på HSH, så maling vart det lite tid til i mange år. Men draumen, og kallet som det etter kvart har blitt, om å laga bilete, har berre blitt sterkare og sterkare. Så i 2016 bestemte Nina seg for å gjera noko med det. Ho opna fastlimte malingstubar og blåste støv av påbyrja måleprosjekt og byrja å måla att. Det gjekk ikkje lang tid før gleda over å måla bilete var tilbake att, og det kjentes rett.

Denne utstilliga, som òg er Nina si debututstilling, kunne vert kalla «Litt forskjellig», for måleria er svært forskjellige. Det har sin bakgrunn i at Nina ikkje klarer å halda seg til ein type stil, eller teknikk. Ho lengtar heile tida etter å læra noko nytt, til å skapa det uttrykket som ho ønskjer seg der og då. Det kan vere alt frå vakker natur, stemningar eller opplevingar og bibelske sanningar. Den einaste fellesnemninga, er at ho hovudsakleg held seg innafor den figurative sjangeren og ho er veldig glad i blåfargar. Kanskje klarer ho å bestemma seg for ein stil med tida?

Velkommen til ei variert og utforskande utstilling, laga av ei vaskeekte Fitjardame som elsker å laga bilete av jorda sine «perler» og himmelen sine skattar.

## CV

Bildøy Bibelskule Bergen 2004-2005

Kunst og handverk årsstudie, Høgskulen i Telemark (2006-2007)

Tekstil fordjuping, Høgskulen i telemark (2007-2008)

Teikning og biletekommunikasjon, Høgskulen i Telemark (2008-2009)

Praksis (tre veker) med målekurs hos biletekunstnar Tor Olav Lunde (2009)

Målekurs, ei veke, på Fjellberg Prestegard med Tor Olav Lunde (sommaren 2010)

Grunnskulelærarutdanning 1.-7. ved Høgskulen Stord/Haugesund (perioden 2010-2015)